



NVE
Norges vassdrags-
og energidirektorat



**Bremanger
kommune**

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 13.05.2026

Vår ref.: 202511486-27 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Fortetting og utviding av Guleslettene vindkraftverk - Varsel om oppstart av områderegulering og høyring av melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Bremanger kommune har motteke melding med framlegg til plan- og utgreiingsprogram om fortetting av Guleslettene vindkraftverk i Bremanger kommune i Vestland fylke.

Meldinga er tilgjengeleg på NVE sine nettsider www.nve.no/87/A og på kommunen sine nettsider <https://bremanger.kommune.no/>.

Varsel om oppstart

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9 varslar Bremanger kommune oppstart for områdereguleringa av Guleslettene vindkraftverk samt høyring og offentlig ettersyn av planprogram. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for produksjon av vindkraft. Gjeldande arealplan for det varsla planområdet er kommuneplan for Bremanger, arealdelen 2024-2036, plan-ID 201804. Størstedelen av planområdet er her avsett til «andre typer bebyggelse og anlegg» (BAB161 Guleslettene vindkraftverk). Planområdet omfattar og ei avgrensa utviding av vindkraftarealet, og denne delen er i dag avsett til LNF-formål.

Meldinga med forslag til plan- og utgreiingsprogram danner grunnlaget for

- ein områdereguleringsplan med konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova, i regi av Bremanger kommune
- konsesjonshandsaming etter energilova, i regi av NVE.

Kommunestyret i Bremanger kommune vedtek planprogrammet for forslaget til områderegulering. Utgreiingsprogrammet for konsesjonssøknaden vert fastsett av NVE. Vi tek sikte på eit felles plan- og utgreiingsprogram.



NVE
Norges vassdrags-
og energidirektorat



**Bremanger
kommune**

Invitasjon til offentlig møte

NVE og Bremanger kommune held offentlig møte om saka **tysdag 2. juni kl. 18:00**. Møtet finn stad i Svelgen Samfunnshus, Gunnar Schjeldrups veg 12c, 6723 Svelgen. På møtet vil NVE og Bremanger kommune orientere om sakshandsaminga, og tiltakshavaren Guleslettene Vindkraft AS vil informere om prosjektet. Møtet er ope for alle.

Høyringsfråsegn kan sendast NVE innan 10. juli 2026.

NVE sender Guleslettene Vindkraft AS si melding og forslag til plan- og utgreiingsprogram på høyring. Dei som ynskjer, kan sende innspel til både varsel om oppstart, meldinga og til plan- og utgreiingsprogrammet. Etter avtale mellom NVE og kommunen, skal alle innspel sendast til NVE. Gjennom høyringa ønskjer vi å få innspel til forslaget i plan- og utgreiingsprogrammet, inkludert tema som manglar, spesielle lokale tilhøve som ikkje er ivaretekne og innspel til metodar som bør nyttast til særskilde tema.

Meldinga med framlegg til plan- og utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine nettsider www.nve.no/87/A og på kommunen sine nettsider <https://bremanger.kommune.no/>. På førespurnad er dokumenta tilgjengelege for offentlig ettersyn i hallen på rådhuset i Svelgen. Meldinga og varsel om oppstart av områderegulering er kunngjort i Firdaposten og Fjordenes Tidende.

Høyringsfråsegn til både oppstart av planarbeid og melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram kan sendast til NVE på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på internettsida www.nve.no/87/A
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsfråsegn saksnummer 202511486 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett.

NVE og Bremanger kommune samarbeider om høyringa

Bremanger kommune har avtalt at NVE kan varsle oppstart av planarbeid og sende forslag til planprogram for områdereguleringsplanen på høyring, saman med NVE si høyring av meldinga.

Eit varsel om oppstart av planarbeid informerer dei det gjeld og myndigheiter om at eit planarbeid skal starte. Varselet beskriv formålet med planlegginga og inviterer til innspel.

Meldinga gir eit tidleg varsel om planlegging av eit vindkraftverk. Meldinga inneheld omtale av prosjektet, oppsummering av forventa verknader, og forslag til kva som skal greiast ut før det kan søkast konsesjon.

Forslag til planprogram omtalar arealplanprosessen og dei tema som skal konsekvensutgreiast for å ivareta plansaka 4648.202601.


Prosjektet

Guleslettene vindkraftverk består i dag av 47 vindturbinar, og har ein årleg kraftproduksjon på om lag 700 GWh. Guleslettene Vindkraft AS planlegg å utvide vindkraftverket med inntil 14



vindturbinar, og dette kan auke den årlege energiproduksjonen med om lag 175 GWh. Dei planlagde vindturbinane er av same type som finst i vindkraftverket i dag.

Planområdet er markert med blått i kartet under, og omfattar delar av det eksisterande vindkraftverket og ei lita utviding i aust. Det er planlagt å nytte eksisterande tilkomstveg. Netttilknytninga er planlagt med ein 132 kV kabel frå ein ny intern transformatorstasjon til Magnhildskaret transformatorstasjon.



Figur 1: Planområdet for fortetting og utviding markert med blått

Tiltakshavar må orientere grunneigarar, rettshavarar, m. fl.

NVE ber Guleslettene Vindkraft AS snarast sende høyringsbrevet til grunneigarar og rettshavarar som tiltaket vedkjem. Det vil seie grunneigarar, eigarar og festarar av heilårsbustader, fritidsbustader og næringsbygg, innanfor ei sone på minimum to kilometer frå yttergrensa til planområdet.

Vi ber om at dokumentasjon om utsending med tilhøyrande adresseliste vert sendt til NVE.

Dersom Guleslettene Vindkraft AS kjenner til andre relevante høyringspartar som ikkje står på mottakarlista i dette brevet, ber vi dykk også orientere desse om høyringa.



NVE
Norges vassdrags-
og energidirektorat



**Bremanger
kommune**

Anna

For meir informasjon om NVE si konsesjonshandsaming av vindkraftverk på land, viser vi til nettsida [Vindkraft på land - NVE](#). For generell informasjon om korleis vindkraft påverkar ulike tema, viser vi til nettsida [Kunnskapsgrunnlag om virkningar av vindkraft på land - NVE](#).

Vi gjer merksam på at Guleslettene Vindkraft AS ber utgifter ved kunngjering og møter i samband med meldinga, jamfør plan- og bygningslova § 14-5.

Spørsmål om saka?

Spørsmål om planane kan de rette til Guleslettene Vindkraft AS v/Stig Svalheim, tlf.: 40 43 74 94 eller e-post: stig.svalheim@eviny.no. Opplysningar om NVE si sakshandsaming kan de få ved å kontakte NVE v/seksjon for energikonsesjonar, tlf.: 40 44 74 59 eller e-post: energikonsesjoner@nve.no. Opplysningar om Bremanger kommune si handsaming kan de få ved å kontakte Bremanger kommune v/Magnhild Myklebust, tlf.: 95 98 30 00 eller e-post: magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no.

Med helsing

Erlend Bjerkestrand

Seniorrådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Naturvernforbundet i Bremanger
Bremanger kommune - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - Irene Storøy
Bremanger kommune - eldrerådet - Aage Kyendseth
Bremanger kommune - brannvesenet - Robert Endestad
Bremanger kommune - Barnerepresentanten - Vibeke Kjerpeseth
Bremanger jeger og fiskeforening - Alf Håøy
Sandvika grendalag - Sissel Sandvik Igland
Botnane og Årebrot grendalag
Sørgulen grendelag
Eikefjord Grendalag
Flora Historielag
Norrdalsfjord Grendalag



NVE
Norges vassdrags-
og energidirektorat



**Bremanger
kommune**

Nærøy Grendelag
Naboar til Guleslettene vindkraftverk
Grunneigarar og rettshavarar
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
STATENS VEGVESEN
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest
Norges Miljøvernforbund
Energidepartementet
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
TELIA NORGE AS
TELENOR NORGE AS
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Kystverket
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
AVINOR AS
Mattilsynet
Sogn og Fjordane Turlag
Flora Turlag
Keipen Turlag
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE
NHO Reiseliv
Zero Emission Resource Organisation AS
Norges Skogeierforbund
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
Flora Jeger og Fiskerforening
BIRDLIFE NORGE AVD SOGN OG FJORDANE
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Grendalaget Løkkebø, Langedal og Svarthumle
Sogn og Fjordane Bondelag
Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane
LA NATUREN LEVE
Landbruksdirektoratet
Svelgen Opp og Fram, v/Kåre Myklebust
Norsk Luftambulans AS
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv



NVE
Norges vassdrags-
og energidirektorat



**Bremanger
kommune**

NORGES LUFTSPORTFORBUND
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
KINN KOMMUNE
MOTVIND NORGE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Natur og Ungdom Vestland
OFFSHORE NORGE AS
FJORDANE FRILUFTSRÅD
LINJA AS
ICE COMMUNICATION NORGE AS
NHO LUFTFART
Folkehelseutvalget i Motvind Norge
KJELKENES KVINNE- OG FAMILIELAG

Kopimottakarliste:

BREMANGER KOMMUNE
BREMANGER KOMMUNE - Magnhild Myklebust
GULESLETTENE VINDKRAFT AS